

Årsmelding for Solund Sendebrettlaug for år 2021

Solund Sendebrettlaug vart stifta 28. juni 2015 av 15 stiftarar. Den 20. august same år vart laug et formelt tatt opp som undergruppe i Solund IL.

Lauget sitt føremål er:

«Solund Sendebrettlaug skal drive både toppidrett og ha det moro innafor dei lovmessige og etiske rårer som Norges Idrettsforbund og Solund Idrettslag gjev».

Årslagsmøte i år 2021 og laugsrådet:

Det vart halde årslagsmøte den 19. april 2021. Laugsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

Faste medlemer:

May Brith Kalgraff (1 år)
Kjell Mongstad (1 år)
Mark Elvevåg (1 år)
Endre Natvik (1 år)
Fanni Balatoni (2 år)
Kim Arnes (2 år)
Kristian Hemdal Leirvåg (2 år)
Håvard Harnes Mongstad (2 år)

Varamedlem:

Det vart ikkje vald varamedlem for år 2020

Kontingenten fastsett til:

Kr. 200 pr. medlem
Kr. 400 for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår)
Nytt medlemsskap inkluderer ein laugsdisk

Laugsmedlemene:

Det var 80 betalende medlemer i laug et i år 2021 med smått og stort. Av desse var om lag 15 småbarn som er inkludert i familiemedlemskapar.

Laugsrådet sin møteaktivitet og saker:

Det har vore gjennomført 4 laugsrådsmøte i meldingsåret. 12 saker har vore handsama.

Dei viktigaste sakene har vore:

- Prosjekt «Solund som diskolfdestinasjon», oppstart og oppfølging
- Avgjersle om å utsetje Vestkysttouren i Solund til år 2022
- Arrangere første laugsmeisterskap i Solund Sendebrettlaug sin historie
- Innkjøp av diskar
- Oppfølging og planlegging av årslagsmøte

Diskolfaktiviteten i laug et:

Handlingsplanen vart vedteken på førre årsmøte slik (status satt inn):

- | | |
|--|---------------------------|
| • Kjøpe inn diskar | - utført |
| • «Dye» eit parti med diskar – selge som reiselivsprodukt/souvenir | - ikkje utført |
| • Lage «Lost disk»-kasse | - ikkje gjennomført |
| • Arrangere Klubbmeisterskap – hausten 2021 | - utført 28/8 |
| • Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar | - utført |
| • Arrangere Vestkysttouren 25-27. juni | - vedtatt utsett til 2022 |
| • Planlegge Pargolf-NM i år 2022 / 2023 | - ikkje utført |

- Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen - utført
- Innarbeide lørdags- eller søndagsgolfen som fast treffpunkt - berre sporadisk
- Innandørs vinterputting (inkl. opplæring) - ikkje utført
- Invitere til opplæring i diskolf og gjennomføre nybegynnarrundar - utført
- Fokus på rekruttering og samarbeid - ikkje utført
- Oppgradering av utkasta på bana m.m. - fase 1 ferdig
- Gjennomføre prosjekt «Solund som diskolfdestinasjon» - fase 1 ferdig

Aktivitet som særskilt vert trekt fram:

Svært mykje har skjedd i driftsåret, trass i at det har vore eit Corona-år. Utanom sjølv diskolfmoroa, så har oppgradering av bana gjennom prosjekt «Solund som diskolfdestinasjon», har vore hovudaktiviteten dette året. Under følgjer eit kronologisk resymé av aktiviteten i driftsåret

Prosjekt «Solund som diskolfdestinasjon» - vår og forsommar

Fordi nye bygg og anlegg var under oppseiling i diskolftraséen, måtte grep gjerast for å sikre kravet i spelemedelsystemet om 20 års full drift og vedlikehald av dette kommunale anlegget. Kommunen hadde destruert alle gamle, miljøfårlege kunststoffmatter, og hadde ynskje om å skifte ut dei mattene som var plassert ut i traséen med nye matter som stettar dagens miljøkrav. Styret i lauget hadde samstundes fanga opp den formidable veksten i diskolfinteressa nasjonalt og den veksande trenden med at diskolfanlegg med høg kvalitet også vart populære reiselivsdestinasjonar. For at anlegget i Solund skulle kunna møte denne trenden, avgjorde styret å starte opp prosjektet «Solund som diskolfdestinasjon». I dette prosjektet inngår som ein vesentleg del å oppgradera bana med nasjonalt godkjende utkastramper. Etter søknad tildelte Solund kommune tilskot til gjennomføring til prosjektet.

Første fase av prosjektet har handla om å lage utkastramper som stettar krav til bruk i nasjonale konkurransar, samt å skifta ut dei miljøfårlege kunststoffmattene som vart lagt ved etableringa i år 2016. I dette arbeidet var målet å få klargjort ei spelberr bane til sommarsesongen og til laugsmeisterskapen i august. Eit omfattande arbeid vart gjort våren og forsommaren med 160 arbeidde dugnadstimar og 18 personar i alle aldre deltok, under kyndig fagleg leiing av Cser Bence. Målet for denne fasen av arbeidet vart nådd. Tusen takk til alle saman !

Neste fase av utviklinga handlar om å legge opp eit nytt design, nye teepads- og teeskilt, men arbeidet skjer først når ein ser korleis den kommunale utbyggingsaktiviteten påverkar eksisterande banedesign og speleflyt.

Som ein del av dette store dugnadsarbeidet er det gjort mange utbetringar og godt vedlikehald på bana. Her må m.a. familien Elvevåg og May-Brith trekkast særskilt fram. Røter og gamle kvistdugar i og rundt fairwayen har fordufta, bana har fått gode og synlege OB-markørar og bana framstår etter dette som ein diskolfdestinasjon verdig. Svært mange dugnadstimar er her lagt ned av både små og store gjennom året. Dette arbeidet gjer at løpande vedlikehald vert lettare for kvart år som går.

Det skal her nemnast at også villsauane hjelper til med denne delen av dugnadsarbeidet.

Konkurranse - Draumeparken 2021 Edition – den 13. juni

Heile 20 deltakarar deltok i regn og vind på tvers ! Og det stilte heile 9 juniorar på startstreken 😊 Dette var første test av bana med nylaga utkastramper. Tilbakemeldingane var svært gode. Dette vart ein gøy og uformell konkurranse. Stemninga var topp, trass i møkkavêret. Vetle stakk av med sigeren i juniorklassen. Gratulerer så mykje!!! Og ikkje uventa vant Karoline og Håvard sine klassar. Tusen takk til alle som deltok og bidrog til ein usedvanleg minnerik diskolfrunde !!!

Flaktveit open den 26. juni:

Vår næraste venskapsklubb, Flaktveit diskolf, arrangerte mange konkurransar i år 2021. På den eine stilte vi sterkt opp med heile 6 deltakarar. Det vart ein ulideleg spanande konkurranse i eit svært sterkt felt på 67 deltakarar. Jamvel fleire frå Noregstoppen deltok etter å ha vorte utsulta på diskolf etter mykje Korona-restriksjonar siste halvanna året.

Solund Sendebrettlaug henta heim tre sterke 2. plassar i denne konkurransen, og ein sterk 3.plass. Gaute overbeviste i juniorklassen, Vegard i Novice-klassen, Håvard i Open Herrar og Karoline i Open Damer. Gratulerer til dykk alle saman!

Diskolfbanene i sommarsesongen

Både medlemer og andre lokale har nytta banene hyppig denne sommaren. Det har i tillegg vorte ein ikkje ubetydeleg trend for venegjengar og familiar å bruke noko av ferien til å reise rundt på diskolfbaner i landet. Dette stemmer med styret sine observasjonen for Draumeparken diskolfbane i Solund denne sommaren, der både single, par, familiar og tilreisande grupper kom til Solund anten for berre å spele diskolf eller å nytte seg av aktiviteten som ein del av ferieturen til Solund. Tilbakemeldingane er dei beste like frå både Alvdal, Bergen, Askøy, Florøy, m.fl.

Også medlemer i Solund Sendebrettlaug har kasta seg på trenden og vore aktive i å reise til andre diskolfanlegg i landet, blott til diskolflyst- og glede. Her kan nemnast både «rally Herland / Leirvåg», «rally Harnes, Myhre, Mongstad», «rally Lerpold, Hauge, Mongstad», og sikkert fleire til.

Norgescupen på Karmøy den 21.-22. august

Her er eit utdrag frå FB-rapporten frå denne fantastisk spanande konkurransen.

*Tre rundar à 18-hull, på det som var ei svært krevjande, gøy og frustrerande skogsbane. Eit litt upresist kast, så var det rett ut av fairway og inn i tjukkaste skogen. Vi i lauget er ikkje så vane med å skulle forsere så mykje tre. Det var det lite som tyda på resultatmessig; - i alle fall for 2 av våre 5 deltakarar frå Sendebrettlaug. For etter heile 227 kast enda **Karoline** jommen meg på delt 1.plass. Det måtte difor omspel til, for å kåre vinnaren av Norgescupen for damer. Etter å ha spelt 4 omspelskorgar, glapp sigeren med eitt kast. Og **Ida Emilie Nesse**, vår kjære nabo med røter på Hop, kapra 3. plassen, berre 1 kast bak Karoline igjen.. **Håvard** tok ein sterk 13. plass i hard kamp med 58 andre i Noregseliten. 10.plass glapp nok diverre på korg 13 i aller siste runde ! Oss andre som deltok, snakkar vi ikkje så mykje om 😊*

Gratulerer med 2. plassen Karoline, 3. plassen til Ida og 13. plassen til Håvard - dette var svært sterkt levert i ein topprangert nasjonal konkurranse!

Kåring av Solund sine første Laugsmeistarar i diskolf - den 28. august 2021

Endeleg kom dagen då vi fekk gjennomført ein slik laugsmeisterskap med 25 deltakar på startstreken. Her er eit utdrag frå FB-rapporten etter den historiske laugsmeisterskapen:

Gratulerer til samanlagtvinarane av Solundmeistarskapen 2021. Det vart kjempespanande. Under strålende Solund vêr og i aukande vind tok Eivind i herre-klassen ein skikkeleg Northug og spurta forbi Håvard på oppløpssida. Mange kniva om 3.plassen, men det vart til slutt Roald og Tarjei som delte den. Lillian avslutta som ei løve og kjempa inn 2. plassen foran Marianne. Men Karoline vart hakket for sterk, og vant dameklassen. Daniel vant ein velfortent diskolfbag i juniorklassen, som Flaktveit IK frisbeeshop sponsa turneringa med. Tusen takk til flakkarane. Tusen takk også til Norsk kystkulturakademi, Skafferiet mat og drikke, Spar Solund, Frode Kalgraff og Øybygg for kjempeflott sponing.

I historieøkene til Solund Sendebrettlaug vil det for alltid stå at Daniel Elvevåg, Karoline Mongstad Harnes og Håvard Harnes Mongstad vart Laugsmeistarar i år 2021.

Gratulerer til dykk tre 😊

Diskgolfkurs- og instruksjonar

Solund Sendebrettlaug har i tillegg vorte engasjert av verksemdar i Solund til å gjennomføre diskgolfkurs- og instruksjonar for tilreisande grupper. May Brith, Asle, Håvard og Kjell har gjennomført opplæringsøktar for skuleklassar og fleire tilreisande reiselivsgrupper.

Asle og Kristian har også køyrt eigen nybyrjaropplæring med lokale interesserte innbyggjarar 😊
I regi av Frivilligsentralen / BUA vart det køyrt eit eige opplegg for sommaraktivitetar for born / ungdom, der diskgolf var ein fast aktivitet.

Innkjøp og vidaresal av diskar

I tråd med arbeidsplanen har det vore kjøpt inn 300 diskar. Av desse var 100 stk. kjøpt med tanke på kurs og instruksjonar. Det har vore umogleg å få kjøpt nye Laugsdiskar dette driftsåret, sidan det internasjonalt gjekk tomt for råplastmateriale og lagrer gjekk tomt for blanke diskar for påtrykk. Lars, Kristian og Håvard hadde ansvaret for innkjøpa.

Økonomi:

Lauget hadde eit positivt driftsresultat på kr. 38.137 i år 2021. I tillegg har varelageret med diskar auka noko.

Det positive resultatet skuldast i all hovudsak at lauget fekk eit tilskot på kr. 90.000 for å gjennomføra prosjektet «Solund som diskgolfdestinasjon». Direkteutgifter har så langt vore på om lag kr. 70.000. Derneft utgjer innkalla laugskontingent vel kr. 10.000 og nettoinntekter på sal av diskar om lag kr. 10.000. Resten av drifta er stort sett i balanse. I banken har lauget pr. 31/12 om lag kr. 58.000. Driftsresultatet og midlar på bok synast såleis å vera godt.

Men det er verd å merke seg at lauget står føre ei investering i 3-4 nye korgar, teeskilt og materialer til tilsvarande tal nye utkast. Nytt banedesign skal også lagast. Lauget har såleis ikkje meir midlar enn dei treng til neste års drift og satsing..

Konklusjon:

Solund Sendebrettlaug har hatt eit svært godt og aktivt driftsår; - om enn ikkje alt har handla om aktiv diskgolf frå egne medlemmer si side. Dugnadsinnsatsen har vore formidabel og vi har fått utretta mykje meir enn vi tenkte ved inngangen til året. Og nye utkast og utkastmattar på store delar av bana og godt vedlikehaldne baner har ført til mykje bruk av banene frå både nær og fjern. Og no er endeleg dei første Laugsmeistrane i diskgolf i Solund kåra. Konkurransen og kåringa er komen for å bli 😊

Arbeid gjenstår om vi vil utvikle diskgolffanlegget endå vidare. Planar er lagt og det kan verte aktuelt å utvide anlegget utpå nyåret. Kanskje kan vi også kåre ein Norgesmeister i Solund i framtida ein gong?

Meir kunne vore gjort for å halde aktiviteten oppe, men Korona-pandemien har nok gitt leiaren både gode og dårlege unnskyldningar for ikkje å følge opp gode innspel i driftsåret.

Men frå ein parkettplass i Storehaugen har leiaren likevel hatt stor glede av å observere liv på både diskgolffanane og i Idrettsanlegget gjennom heile året, og klangen frå diskar som treff diskgolffkjettingar har vore umiskjennelege, særleg i høgtider og i sommarferien. Slik lyd fungerer som balsam for ei varm diskgolfsjel.

Solund Sendebrettlaug ser fram til eit spanande nytt diskgolffår.

Hardbakke 20. januar 2022

Styret

sign.